



Furefjellet Invest AS
Myrtveitvegen 39
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/18501 - 20/77248

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
04.12.2020

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 322/16 Mjåtveit

Tiltak: ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 322/16
Tiltakshavar: Furefjellet Invest AS
Ansvarleg søkjar: Furefjellet Invest AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad .

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Området er uregulert og sett av til framtidig byggeområde i kommunedelplan for Meland. I føresegnene punkt 1.2.1 er det sett krav om reguleringsplan før det kan gjevast løyve til oppretting av ny grunneigedom (frådeling). Det pågår arbeid med områderegulering som omfattar gbnr 322/16.

Det må søkjast om dispensasjon frå plankravet før søknad om deling kan handsamast. Unntaksgrunn for at det kan gjevast fritak frå plankravet finn ein i punkt 2.1.1.a.

Gjer merksam på søknad om dispensasjon må vera godt grunngjeven.

2. Eigar av gbnr 322/190 ser ikkje ut til å vera nabovarsla.
3. Det må leggjast ved løyve eller førehandsuttale for tilkopling til offentleg vatn og avlaup.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 04.01.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Furefjellet Invest AS

Myrtveitvegen 39

5919

FREKHAUG